



VEGFORUM ØST-VEST

Notodden, 29. november 2016

Statens vegvesen
Region sør
Postboks 723
4808 ARENDAL

16/36312 KVV RV. 7 OG RV. 52 GOL-VOSS - HØYRINGSFRÅSEGN FRÅ VEGFORUM ØST-VEST

Oppsummering og konklusjonar

E134 med arm mot Bergen er det aust-vestsambandet som dekkjer aust-vestfunksjonen for Bergensområdet på den samfunnsøkonomisk mest optimale måte. Av KVV-rapporten Gol-Voss framgår at dei alternative aust-vestsambanda for Bergensområdet, Rv. 7 og Rv. 52, har samfunnsøkonomiske meirkostnader i storleiksorden 25-30 mrd. kr. Ut frå samfunnsøkonomiske omsyn må difor E134 prioriterast i komande Nasjonale transportplan.

Vegforum Øst-Vest meiner at det snarast råd må gjennomførast naudsyn førebuing/-planlegging for realisering av E134 inkl. Bergensarmen. Det er i første omgang særskilt viktig å få sett i gong KVV-arbeidet for Bergensarmen.

Dersom det i tillegg til E134 skal etablerast eit nordleg aust-vestsamband, er Vegforum Øst-Vest samd med SVV i at Rv. 52 er eit langt betre val enn Rv. 7. Grunngevinga for Vegforum Øst-Vest sine preferansar er, i likskap med SVV, at Rv. 52:

- *har høgre samfunnsøkonomisk lønnsemd*
- *gjev ei betre heilskapsløysing*
- *betjener eit større geografisk område*
- *gjev eit meir effektivt og samfunnsikkert hovudvegsamband.*

Vegforum Øst-Vest er elles open for at vidareutvikling av Rv. 52/E16 kan dekkje aust-vestfunksjonen for nordre del av Vestlandet (området nord for Sognefjorden inkl. Sunnmøre).

Styreleiar:

Svein Sem
Heddalsvn. 590
3677 Notodden
Mob.: 902 83 121

Nestleiar:

Nicolai Østhus
Asparhaug 20
5563 Førresfjorden
Mob.: 982 56 350

Styremedlem:

Halvor Grene
Skavangerveien 38
3617 Kongsberg
Mob.: 970 56 029

Styremedlem:

Asbjørn Gardsjord
Neslandsvegen 223
3864 Rauland
Mob.: 909 87 8 28

Styremedlem:

Arne Skogheim
Utgardsvegen 152
3895 Edland
Mob.: 951 20 107

Styremedlem:

Asbjørn Espeset
Hamrane 30
5563 Førresfjorden
Mob.: 909 91 973

Merknader frå Vegforum Øst-Vest

Som det klart framgår av aust-vestutgreiingane vil armen på E134 til Bergen dekkje aust-vestfunksjonen for Bergensområdet på den samfunnsøkonomisk mest optimale måte. Vegforum Øst-Vest har merkja seg at KVVU-rapporten Gol-Voss på alle viktige punkt samsvarer med SVV sine konklusjonane frå aust-vestutgreiingane. KVVU-rapporten illustrerer etter vår oppfatning først og fremst meiningsløysa i Regjeringa sitt vedtak var å droppe armen på E134 til Bergen. Med dette vedtaket har Regjeringa undergrave intensjonane bak aust-vestutgreiingane, som jo nettopp var å identifisere vegalternativa med høgst samfunnsøkonomisk lønnsemd.

På same måte som for KVVU-rapporten Gvammen-Vågsli (E134), har SVV heller ikkje kunne gjennomføre ei meiningsfull drøfting av Rv. 7/Rv. 52 (KVVU-rapporten Gol-Voss) utan å kommentere spørsmåla knytta til verknadene av armen på E134 mot Bergen.

I KVVU-rapporten Gol-Voss konkluderer SVV som følgjer (side 88): *En av de virkelig store usikkerhetene i trafikkgrunnlaget er utbygging av E134 og en eventuell arm til Bergen. En slik utbygging vil ha stor innvirkning på rv. 7 og eventuelle store investeringer her vil nok i stor grad måtte regnes som tapt, da det meste av trafikkgrunnlaget vil forsvinne. Rv. 52 vil stå seg bedre mot en utbygging av E134 og arm til Bergen.*

SVV har i aust-vestutgreiingane berekna at armen på E134 mot Bergen vil ha ei samfunnsøkonomisk lønnsemd på 14 mrd. kr. Av KVVU-rapporten Gol-Voss (side 76) framgår at den samfunnsøkonomiske lønnsemda ved Rv. 7 og Rv. 52 til samanlikning varierer mellom minus 13,3-15,8 og minus 7,2-12,6. Dette inneber at skilnaden i samfunnsøkonomisk lønnsemd mellom E134 (inkl. arm til Bergen) og Rv.7/Rv.52 er i storleiksorden 25-30 mrd. kr.

Vegforum Øst-Vest synes elles det er eit tankekors når KVVU-rapporten Gol-Voss (side 82) konkluderer med at det samfunnsøkonomisk mest lønnsomme vegalternativet mellom Gol og Voss er nullkonseptet (dvs. at det ikkje vert gjort noko). Dette illustrerer den slåande kontrasten mellom den formidable samfunnsøkonomiske lønnsemda i E134-alternativet og den negative lønnsemda ved dei nordlege aust-vestsambanda, og då særskilt Rv. 7-alternativet.

Vegforum Øst-Vest meiner at det snarast råd må gjennomførast naudsyn førebuing/-planlegging for realisering av E134 inkl. Bergensarm. Det er i første omgang særskilt viktig å få sett i gong KVVU-arbeidet for Bergensarmen.

Dersom det i tillegg til E134 skal etablerast eit nordleg aust-vestsamband, er Vegforum Øst-Vest samd med SVV i at Rv. 52 er eit langt betre val enn Rv. 7. Grunngevinga for Vegforum Øst-Vest sine preferansar er, i likskap med SVV, at Rv. 52:

- har høgare samfunnsøkonomisk lønnsemd
- gjev ei betre heilskapsløysing
- betjener eit større geografisk område
- gjev eit meir effektivt og samfunnsikkert hovudvegsamband

Vegforum Øst-Vest noterer elles SVV si drøfting i KVVU-rapporten Gol-Voss om å nytte Rv. 52 i kombinasjon med E16. Her konkluderer SVV (side 97) at vegsambandet Rv. 52/E16 framstår som det samla sett beste valet ut frå målsettinga om stuttast reisetid gjennom prosjektområdet. Reisetidsvurderingane syner, i likskap med ÅDT-berekningane, at

Rv. 52/E16-sambandet mellom Gol og Voss vil kunne vera av stor betydning for trafikk som ikkje kan dra nytte av E134-investeringane. Dette skyldes at Rv. 52 betjener aust-vest-trafikk med andre start- og målpunkter, medan Rv. 7 og E134 i langt større grad betjener den same nasjonale trafikken.

Vegforum Øst-Vest er difor åpen for at Rv. 52/E16-sambandet kan utviklast vidare til å fylle samfunns målet om å betjene sambandet mellom Austlandet og den nordlege delen av Vestlandet (området nord for Sognefjorden inkl. Sunnmøre).

Med helsing
VEGFORUM ØST-VEST



Svein Sem
Styreleiar

Kopi til:

SD, Stortingets transport- og kommunikasjonskomité, SVV, aviser i Telemark, Hordaland, Rogaland og Buskerud, m.fl.